



SELJORD KOMMUNE

TEKNISK ETAT

VEDTEKT TIL PBL § 107 - SELJORD KOMMUNE.

(gjeld frå 01.04.95)

1. SØKNAD.

Innan heile kommunen må skilt, reklameinnretningar o.l. ikkje setjast opp utan at kommunen har gjeve løyve etter søknad etter lovas kapittel XVI.

Det vert kravd løyve for mindre skilt, mindre reklameinnretningar o.l. som vert sett opp på byggverk eller innhegning.

Løyve kan bare gjevast inntil vidare eller for eit avgrensa tidsrom.

2. REKLAMEINNRETNINGAR. OMRÅDEOMSYN.

2.1.

Kommunen kan sjølv utarbeide eller krevje utarbeida ein samla skiltplan for eit avgrensa område under eitt.

2.2

I naturlandskap, kulturlandskap, parkar og friområde må det ikkje førast opp frittstående reklameskilt. På bygningar må det ikkje førast opp reklame som virkar dominerande. Bygningsrådet kan gjeva dispensasjon når særlege grunnar ligg føre.

2.3.

Innanfor særprega og historisk interessante miljø må det ikkje førast opp reklameinnretningar som ikkje er tilpassa miljøet sin karakter og historie.

2.4.

I sentrale tettstadsområde skal frittstående reklameinnretningar vera festa på einsarta reklamebukkar/festeanordningar. Det vil bli utarbeidd detaljere regelverk for dette i kommunen.

2.5.

I reine bustadområde må det ikkje førast opp reklameinnretningar utan at kommunen på førehand har gjeve godkjenning.

2.6.

På parkeringsplassar, rivingstomter o.l. kan reklameinnretningar ikkje førast opp dersom plasseringa ikkje tek omsyn til forholda på staden.

2.7.

Ljosreklame må ikkje førast opp med unntak av i område regulera til forretningar og i område som kommunen har fastsete. Det er ikkje tillete å føre opp ljósreklame som er til ulempe for bustader.



3. KRAV TIL UTFORMING.

3.1.

Skilt og reklameinnretningar skal utførast slik at dei tilfredstiller krav til venleik, storleik og utforming både i seg sjølv og i høve til bakgrunn og omgjevnad. Skjemmande fargar og utføring er ikkje tillete og kan bli kravd endra. Standarisera kjedeskilt kan i einsskilde høve etter spesielle vurderingar godkjennast av kommunen.

3.2.

Skilt, reklameinnretningar o.l. skal ikkje vera til hinder for ferdsel på fortog, gangvegar eller til fare for omgjevnaden på annan måte.

3.3.

Skilt bør ikkje plasserast på møne, takflate, takutstikk eller gesims.

3.5.

Markiser skal avgrensast til åpninga av vindauge. Det skal ikkje vera anna enn logo/firmanavn på markisa.

3.6.

I næringsbygg som inneheld fleire verksemder, skal skilta til verksemdene samlast i ei oppslagstavle. Denne kan vera frittstående. Verksemder i lokale med fasade mot fortog eller gate med eigen inngang kan ha egne skilt.

Antalet skilt kan aukast dersom verksemdene disponerar fleire fasadar på eigedomen langs fortog eller gate, og der det er naturleg at det vert sett opp skilt også her. Skilta skal i hovedregel vera plassera ved inngangane.

3.7.

Det er ikkje tillate med:

- reklame som ikkje er fastmontera.
- skilt og reklameinnretningar på stolpar og gjerde.

4. FJERNING AV SKILT, REKLAMEINNRETNINGAR M.V.

4.1.

Dersom det er oppsett skilt eller reklameinnretningar som det ikkje er gjeve løyve til, kan desse krevjast fjernaav kommunen ved pålegg.

4.2.

Når det føreligg særlege grunnar, kan kommunen gjeva dispensasjon frå frå desse føresegnene.

Vedteke av Kommunestyret 15.12.94, sak 134/94.

Stadfesta av KAD 22.02.95.

Adresse:
3840 Seljord

Telefon:
35 05 00 11

Telefax:
35 05 09 48

Bankgiro:
2711.07.10777

Postgiro:
0807 5579404